



Advokatfirma Stiegler v/ Aksel Kayser

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1495 - 18/2497

Saksbehandlar:
Hege Eeg
hege.eeg@osteroy.kommune.no

Dato:
12.02.2018

6/1 Vevletveit - Førehandsvarsel

Det vert lagt til grunn at Advokatfirmaet Stiegler representerer Roger Hartveit (f. 25.04.1967) og Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS org.nr. 968 082 531.

Saka gjeld førehandsvarsel etter plan- og bygningslova § 32-2 om mogleg vedtak om pålegg om stans av verksemd samt tvangsmulkt. Vi viser til førehandsvarsel i brev 13.12.16.

Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune fatta vedtak om reguleringsplan og mellombels dispensasjon av 23.08.17 i sak 095/17. Vedtaket vert påklaga og oversendt Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen har oppheva vedtaket i brev av 30.01.18.

Vi varsler om at det vil verte fremja ein ny sak for plan og kommunalteknisk utval i tråd med varselet av 13.12.16. Det er ikkje eit lovpålagt krav om å gi nytt varsel etter plan- og bygningslova kap. 32, men vi gjer det for ordens skuld. Viss dykkar klient ønskjer å uttale seg, må dette skje innan 7. mars 2018.

Vi opplyser om at viss ulovlege tilhøve ikkje rettast innan fristen, vil tilhøvet kunne følgjes opp med pålegg om stans eller vedtak om tvangsmulkt. Eit eventuelt pålegg som ikkje etterkommes innan fastsett frist, vil kunne følgjes opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom.

Med helsing

Laura Ve
Seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Hege Eeg
juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

6/1 Vevletveit - Førehandsvarsel

Mottakar:

Advokatfirma Stiegler v/ Aksel
Kayser